



---

## Notat

---

Til: Arne Eikefet

Kopi til: Eirik Schütz

Saksbehandlar: Byggesaksavdelinga/Eilin Houlison Molvik  
Vår referanse: 18/1838 - 8 / Gbnr - 202/3, FA - L42  
Dato: 29.10.2018

---

### Emne: Oppfølging av avtale om utbygging Helleåsen - gbnr 202/3 Hjelmås

Saka gjeld avtale om utbygging i høve reguleringsplan Helleåsen/planid.: 1263-19032007

Planen har rekkefølgekrav knytt til opparbeiding/utbetring av fylkesveg 391 med fortau mv.

Planen opnar for at det i planområdet kan etablerast 8 nye bueiningar før rekkefølgekravet vert gjort gjeldande. Ved bygging i område avsett til einebustadar vil det i tillegg vere høve til å byggja sekundærhusvære.

I planområdet er det godkjent einebustadar på 7 nyetablert tomter, nokre av desse har sekundærhusvære. I tillegg er det godkjent ny einebustad på ei av dei eksisterande fritidseigedomane som er omfatta av planen, transformasjon frå fritidsbustad til heilårsbustad er i tråd med planen.

Byggesak si tolkning er at transformasjon av fritidsbustad til heilårsbustad vert å rekne som ny bueining og skal inngå i dei 8 nye bueiningane planen opnar for innan rekkefølgekravet vert gjort gjeldande. Planavdelinga har same tolkning av planen, sjå vedlegg.

Maks tal nye bueiningar som kan etablerast i planområdet er slik administrasjonen forstår planen nådd.

Statens vegvesen stiller seg og bak administrasjonen si tolkning, jf. høyringsuttale datert 29.08.18. Statens vegvesen si uttale er gjeve i samband med at Hjelmåsen AS og Apalen Sør AS har søkt om permanent dispensasjon frå rekkefølgekrava knytt til utbetring av fylkesveg 391. Det er i vedtak datert 16.10.18 gjeve avslag på dispensasjonsøknad, ligg ved, klagefristen er enno ikkje ute.

Hjelmåsen AS v/Geir Styve har i brev datert 19.06.18 påpeika at Lindås kommune bryt utbyggingsavtale med Hjelmåsen AS, avtala ligg ved. Det er i epost datert 14.10.18 purra på svar. Avtale om utbygging er inngått mellom Lindås kommune v/teknisk drift og Hjelmås AS.



Vi ber om at Teknisk drift følger opp og svarer på henvending knytt til avtale om utbygging.